 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Retningslinjer for avklaringsamtale og oppfølgingsavtale			
	Dokumenttype:	Godkjend av: Oppl.avd. – OT/PPT	Gjeld frå: 01.11.2015	Tal sider: 2
	Gjennomføringsdokument			
	Utarbeidd av: OT/PPT	Godkjend dato: 26.10.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

1. Mål med avklaringsamtalen

- Å førebygge avbrot
- Å skape ein positiv relasjon mellom elev og OT/PPT
- Å skape ein konstruktiv arena der ungdommen kan få møte og legge fram sine opplevingar og erfaringar
- Å få fram kva for alternativ som finst for ungdommen
- Å få ei god skriftleggjering av det som kjem fram i møtet og planen vidare for ungdommen

Samtalen skal haldast:

- Når det er fare for avbrot og ein meiner at OT/PPT vil kunne bidra til å førebygge avbrotet
- Når det er sikkert at eleven sluttar

2. Deltakarar

- Obligatoriske deltakarar
 - Skulen v/leiinga (t.d. elevinspektør), kontaktlærer/rådgjevar, eleven, Oppfølgingstenesta. Dei som møter frå skulen må ha god kjennskap til eleven og saka.
 - Føresette må kallast inn dersom eleven er under 18 år.
- Valfrie/nødvendige ressurspersonar
 - Skulen vurderer i samråd med OT-rådgjevar om andre bør delta på møtet. Dette kan gjelde helsesøster, PPT, BUP, VOP, NAV, barnevern o.a.


Det er OT-rådgjevar der eleven skal bu etter eit eventuelt avbrot av opplæringa som skal kontaktast.

3. Før samtalen

Før ein kallar inn til avklaringsamtale bør saka drøftast i ressursteamet på skulen.

Skulen sitt ansvar i høve avklaringsamtalen:

- Kontakte OT-rådgjevar for å gjere avtale om tidspunkt for avklaringsamtale. Dette bør helst gjerast per e-post
- Skulen sender skriftleg innkalling til avklaringsamtale. For å sikre at elev/føresette kjenner til møtetidspunkt bør skulen og kontakte eleven over telefon/sms.
- Rutine for å syte for at eleven er til stades
- Skulen kallar inn andre aktuelle møtedeltakarar
- Skulen fyller inn rubrikken «Opplysingar om eleven» på førehand

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Retningslinjer for avklaringsamtale og oppfølgingsavtale			
	Dokumenttype: Gjennomføringsdokument	Godkjend av: Oppl.avd. – OT/PPT	Gjeld frå: 01.11.2015	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: OT/PPT	Godkjend dato: 26.10.2015	Revidert dato:	Arkivsak:

4. Under samtalen

Skulen sitt ansvar

- Skulen syter for at skjemaet "Avklaringsamtale – Oppfølgingsavtale" vert fylt ut og underskrive på møtet.
- Skulen syter for dokumentflyten. Eleven skal ha originalen av skjemaet "Avklaringsamtale - Oppfølgingsavtale", dei andre møtedeltakarane skal ha kopi. Skulen arkiverer dokumentet.
- Dersom eleven er under 18 år skal føresette, viss dei ikkje har delteke i møtet, ha tilsendt kopi av dokumenta.

OT sitt ansvar

- Førebygge fråfall i vidaregåande opplæring
- Gje relevant informasjon til ungdommen og føresette
- Vurdere behovet for oppfølging dersom eleven avbryt opplæringa

Skjemaet kan fyllast ut direkte på PC under samtalen.

5. Etter samtalen

Oppfølgingstenesta har ansvaret for oppfølginga av ungdommar som har avbrote opplæringa, jf. oppfølgingsavtalen.

Retten til oppfølging gjeld fram til utgangen av det skuleåret året ungdommen fyller 21 år.

6. Prosedyre viss eleven ikkje kjem på møtet

- Skulen prøver å få kontakt med eleven/føresette ved møtestart.

Når ein likevel ikkje får kontakt med eleven gjeld følgjande:

- Viss det er uklart om eleven skal slutte eller ikkje, må det innkallast til ny avklaringsamtale.
- Skulen vurderer saman med OT om det i andre tilfelle skal kallast inn til ny samtale, til dømes ved uro kring eleven si helse eller livssituasjon.

7. Vedlegg

Kopi av skriftleg innkalling til ungdommen/føresette (brev, e-post, sms).